



Surnadal Idrettslag

Postboks 1
6656 Surnadal

Protokoll frå Årsmøte i Surnadal IL 2018

Tid: 22. mars 2018 kl 19.00.
Stad: Klubbhuset Syltøran

Sak 01/18 Opning og konstituering

Lisa Løfald Moe vart valt som møteleiar, og Øystein Hjelle Bondhus vart valt som sekretær.
Stian Faksnes og Frode Hågen Raaen vart valt til å skrive under møteprotokollen.
Alle vala var einstemmige.

Sak 02/18 Godkjenning av sakliste

Saklista vart godkjent slik den vart framlagt.

Det var åtte frammøtte.

Sak 03/18 Årsmelding 2017

Årsmeldinga for SIL Hovudstyret og gruppene vart lagt ut på idrettslaget sine heimesider før møtet. Årsmeldinga for SIL Hovudstyret vart gjennomgått.

Årsmeldingane til gruppene vart gjennomgått med innspel frå representantar for dei oppmøtte gruppene. Dagleg leiar kom med innspel på resten. Hovudpunkta vart trekt fram.

Kommentarar:

- Surnadal IL har eit mangfaldig og godt aktivitetstilbod, og gjer ein viktig jobb i lokalsamfunnet. Det kan alle som gjer ein innsats for idrettslaget vere stolte av.

- Alle gruppene bør bruke «Surnadal IL <Gruppenamn>» som fast mal når dei omtalar seg sjølve. Det er viktig for å vise at gruppa og aktiviteten er ein del av Surnadal IL. Dette gjeld både i årsmeldingar og i andre kanalar, til dømes Facebook, der gruppenamnet vert bruka.

- Kunne det vore ein annan måte å organisere barneidretten på? Det gjentek seg at det er vanskeleg å få folk til å stille opp i styret i gruppa, kanskje er dette noko hovudstyret burde sjå litt på.

Vedtak: Årsmelding for SIL Hovudstyret og resten av gruppene vart samrøystes godkjente, med kommentarane ovanfor.

Sak 04/18 Rekneskap 2017



Surnadal Idrettslag

Postboks 1
6656 Surnadal

Rekneskapen for hovudlaget og for dei enkelte gruppene vart lagt ut på idrettslaget sine heimesider før møtet. Rekneskapen for hovudlaget vart gjennomgått, i tillegg vart det gått gjennom resultatet for kvar enkelt gruppe. Revisorane og kontrollkomiteen sine beretningar for 2017 vart gjennomgått. Balansen vart gjennomgått.

Kommentarar og spørsmål:

- Ny måte å føre avskrivningar på gjev store utslag i resultatrekneskapen. Dette kjem tydeleg fram mellom anna hos hovudstyret og langrennsgruppa, men i og med at dette er ei rekneskapsteknisk endring gjev det ikkje utslag i likviditeten.
- Sjølve drifta til langrennsgruppa er i pluss, sjølv om rekneskapen viser minus på grunn av avskrivningane nemnd i punktet over.
- Det bør sjekkast om dei gruppene som eventuelt har debittkort knytt til driftskontoane sine bør gå over til kredittkort.
- Majoriteten av fotballgruppa sitt overskot skuldast mottekne spelemidlar for lysanlegget på Amfi Park og gåver i samband med Snorre Larsen si gravferd. Sjølve drifta til gruppa gjekk dermed mellom kr. 30.000,- og kr. 40.000,- i pluss i 2017.

Vedtak: Rekneskapen for SIL Hovudstyret og for dei enkelte gruppene i laget, med tilhørande revisjonsberetning, vart godkjente.

Sak 05/18 Inkomne saker

Ingen inkomne saker

Sak 06/18 Organisasjonsplan

Plana vart revidert før årsmøtet, og følgjande endringar er gjort sidan årsmøtet i 2017:

- Framtidhuset, ballbua, garasjen og utescena er tekne inn i oversikten over bygningar på Syltøran, slik at organisasjonsplana stemmer overeins med forsikringar og driftsplan for anlegget.
- Styrets vedtekne endringar i utbyggingskomiteen på Nordmarka er tekne inn. Ellbjørg Haugen Larsen og John Øye kom inn, Ingebrigt Moen gjekk ut.
- Oversikta over kven som har dei ulike verva i hovudstyret, kontrollkomiteen og valkomiteen er oppdatert.

Ingen kommentarar.

Vedtak: Organisasjonsplana for Surnadal IL er samrøystes vedteken, med atterhald om at det må gjerast endringar i tråd med valet i sak 9.



Surnadal Idrettslag

Postboks 1
6656 Surnadal

Sak 7/17 Medlemskontingent 2019

Saksutgreiinga vart lagt fram og gjennomgått.

Kommentar:

- Grunnen til at barn og ungdom går opp til og med 19 år er at dette er i samsvar med intervallane NIF opererer med når medlemstalet skal meldast inn.

Hovedstyret sitt forslag til vedtak angående medlemskontingentsatsar for 2019

Vaksne (f.o.m. 20 år) – kr. 300,-.
Barn/ungdom (t.o.m. 19 år)/honnør – kr. 200,-.
Familiemedlemskap – kr. 550,-

Vedtak: Hovudstyret sitt forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Sak 8/18 Budsjett 2018

Budsjetta for dei enkelte gruppene og for hovudlaget vart lagt ut på idrettslaget sine heimesider før møtet. SIL Hovudlaget sitt budsjett vart gjennomgått. Budsjetta til gruppene vart gjennomgått med innspel frå representantar for dei oppmøtte gruppene. Dagleg leiar kom med innspel på resten. Hovudpunkta vart trekt fram.

Kommentarar:

- Frisbee sitt budsjett, som her står med -9 500,- i resultat, er oppdatert. Sponsorinntekter skal aukast frå 0,- til 10 000,-, og dermed går budsjettet i pluss.
- Handball har gjort nokre små endringar på budsjettet, men det budsjetterte resultatet (2 500,- i pluss) er det same. Grappa får sjølv ansvar for å sende oppdatert budsjett til rekneskapsførar.

Vedtak: Budsjetta for 2018 er vedtekne, med føresetnad om at dei innmeldte korreksjonane, nemnd over, vart følgd opp.

Sak 9/18 Val

Valnemnda har bestått av Terje Haugen og Monica Bolme Stavås. Sistnemnde var til stades på møtet og gjekk gjennom innstillinga.

Ingen kommentarar.

Vala vart gjennomførte slik:

Hovudstyre:

Leiar: Vidar Ulvestad, på val 2019 (Attval)



Surnadal Idrettslag

Postboks 1
6656 Surnadal

Nestleiar: Lisa Løfald Moe, på val 2019 (Ikkje på val)

Styremedlem: Svein Dalen, på val 2020 (Attval)

1.vara: Ingvild Kårvatn, på val 2019 (Attval)

2.vara: Leiv Bæverfjord, på val 2019 (Attval)

5 gruppeleiarar

Kontrollkomité

Medlem: Rolv Lysø, på val 2020 (Attval)

Medlem: Ellbjørg Haugen Larsen, på val 2020 (NY som medlem, var 1. vara)

1. vara: Talke Ranese, på val 2019 (NY som 1. vara, var medlem)

Valnemnd:

Leiar: Terje Haugen, på val 2019 (NY som leiar, var medlem)

Medlem: Monica Bolme Stavås, på val 2020 (Ikkje på val)

Medlem: Ola Mogstad, på val 2019 (Opprykk frå vara)

1. vara: Reidun Sveen, på val 2018 (NY)

2. vara: Manglar – Årsmøtet gjev styret fullmakt til å finne denne varamedlemmen.

Representasjon til ting der idrettslaget har representasjonsrett (Punkt C):

Årsmøtet gjev styret fullmakt til å velje personar til å representere idrettslaget på møter og ting.

Revisor

Årsmøtet gjev styret fullmakt til å engasjere revisor.

Alle val og fullmaktsdelegeringar var einstemmige.

Møtet heva klokka 21.03.

Surnadal 22.3.2018

Øystein Hjelle Bondhus
Referent

Stian Faksnes

(Stian Faksnes)

Frode Raaen

(Frode Hågen Raaen)